



Frå yngste klasse i løpet i Herøysund.

Terrensløpskarusellen er inne i sitt tredje år. Søndag er det klart for det andre løpet i årets karusell, og då skjer det gledelege at det tradisjonsrike Baroniløpet gjenoppstår etter 21 års frávær. Det er Rosendal turnlag og Omvikdalen idrettslag som er saman om dette arrangementet som føregår søndag frå kl.14 og utover.

Som under Baroniløpet som var årvisst i mange år og samla god deltaking, føregår det også no rundt Rosendal Avlsgard. Løypene vil gå i terreng og på stiar og grusveggar i området rundt avlsgarden. Lengdene varierer frå ca. 400 meter og opp til ca.2,5 km.

Det første løpet i årets karusell gjekk i Herøysundet, og det var svært god deltaking. Arrangørane håpar på minst like mange i løpet på søndag og ønskjer både løparar og publikum velkomne. Dei er svært takksame om deltakarane melder seg på på førehand, og det gjer ein [via UIL si heimeside](#).

Etter Baroniløpet er det 3 løp att i årets karusell; - SPAR-løpet i Uskedalen, Kvinnheradsmeisterskapet i terrensløp på Husnes og Åkra-løpet.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland.